

## BYGGJE OG BU I HAREID.

Eg har så lyst at dei som skal etablere seg, ser for ein flott plass vi bur på!

Hareid kommune ligg midt i smørauge. Vi har byar liggande rundt oss innan ein halvtimes radius, i tillegg til flyplass. Samstundes kan vi bu med naturområde som er tilgjengeleg for dei aller fleste, tett inntil.

Innbyggjarundersøkinga (og mine personlege erfaringar) viser at kommunen leverer gode tenester til dei som veks opp her. Gode barnehagar, og skular. Vi har eit rikt kultur-, og idrettsliv.

For å få fleire til å etablere seg i Hareid må vi ha tomter der dei som skal bygge hus, har lyst til å bu. Vi som kommune må legge til rette for at dette vert etablert. Ikkje berre at der er ei tomt, men at naudsynt infrastruktur, som veg, vatn og avløp kjem på plass. Dette vert ei viktig sak for Folkelista dei neste fire åra!

I tillegg har eg ei hjartesak, og det er at vi som bur her vert enda flinkare til å framsnakke plassen vi bur på. Vi har mange gode kvalitetar, og skal vi fortsette den fine utviklinga, er det viktig at vi snakkar om det som er bra. Skal det skje gode ting, må vi tørre å vere positive. Tenke det, tru på det og gjere det. Det er sjeldan framsteg og utvikling skjer av å fokusere på det som er därleg. Sist, men ikkje minst, å bruke stemmeretten sin er ein verdfull måte å seie meininga si på!

Godt val folkens!

Annika Hove

Folkelista for Hareid